

Styremøte på Reset 23 september 2009.

Desse møtte: Margaret Skåre, Tom Idar Kvam, Halvar Espeseth og Leif Brekken.

Sak 26/09: Skriv og meldingar.

Tom Idar orienterte om handlingsplan rovvilt, handlingsplan skal leggest fram på neste representantskapsmøte.

Luster sau og geit har vore i kontakt med dyrevernsmnd, mattilsynet og Luster kommune om situasjonen på nedlagde Harastølen.

Institusjonen har stått open og sauer har vore inne, og har blitt ståande inne i fleire dagar. Inngangspartiet har klappdørar.

Margaret orienterte om geitedagane, neste år skal geitedagane vere i Sogn og Fjordane.

Sak 27/09: Framtidsretta sauehald.

Det skal vere møte i styringsgruppa for framtidsretta sauehald 25 september, det blir då avgjort om prosjektet blir vidareført.

Styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit går inn for å avslutte prosjektet.

Sak 28/09: Verneplan fo Breheimen.

Tom Idar tek kontakt med Arne Øverås og høyrer kva oppsitjarane meiner om saka.

Sak 29/09: Leiarsamling.

Opplegget til leiarsamlinga ser ut til å vere i rute, eit kompakt og godt program.

Sak 30/09: Ymse.

Det skal vere møte i styringsgruppa for Geit i vekst der det skal lagast eit forslag til vidareføring av prosjektet.

Ref.

Leif Brekken